

Ot.prp. nr. 6

(2007–2008)

Om lov om endringar i straffeprosessloven og tvisteloven m.m.

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 26. oktober 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justisdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i straffeprosessloven og tvisteloven og ein skilde andre lover. Forslaga i proposisjonen her tek i hovudsak sikte på å rette opp språklege feil og galne eller ufullstendige tilvisingar til andre lover frå tvisteloven eller den andre vegen. I tillegg vert det gjort framlegg om å endre regelen i straffeprosessloven § 395 andre ledd første punktum om funksjonstida til leiaren av kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Departementet føreslår at kommisjonsleiaren skal utnemnast for sju år om gongen utan høve til gjenoppnemning. Samtidig er det gjort framlegg om ein overgangsregel som vil gjere funksjonstida på sju år gjeldande for den noverande kommisjonsleiaren.

Under 2 vert ei oppretting i tvisteloven § 32-2 (fullbyrding av avgjerder om mellombels sikring) omtalt nærmare. Endringa i straffeprosessloven § 395 andre ledd første punktum om funksjonstida til leiaren for kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker vert drøfta under 3. Dei øvrige forslaga i proposisjonen krev ikkje nærmare drøftingar, men er kort omtalte under 4.

Forslaga som gjeld oppretting av språklege feil og galne tilvisningar og liknande, har det ikkje vore naudsynt å sende på høyring. Forslaget om å forlengje funksjonstida for leiaren for gjenopptakingskommisjonen for straffesaker, jf. straffeprosessloven § 395, har vore på ordinær høyring, sjå under 3.

Departementet legg til grunn at lovforslaget ikkje har økonomiske eller administrative konsekvensar. Men let ein vere å rette opp slike urette eller misvisande føresegner i tvisteloven, kan det føre til administrativ eller rettsleg uvisse som jamvel kan verke fordyrande. Forslaget om å forlenge funksjonstida til leiaren av kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker vil truleg kunne medverke til å hindre ei negativ utvikling i kommisjonen sine restansar.

2 Fullbyrding av avgjerder om mellombels sikring

Det følgjer av tvisteloven § 32-2 at § 19-13 om fullbyrding av rettslege avgjerder ikkje gjeld i saker om mellombels sikring. I staden vert dette regulert i §§ 33-5 til 33-7 og § 34-4, jf. Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) side 488. Men desse paragrafane dekkjer ikkje føresegnerne i § 19-13 tredje og fjerde ledd om høve for retten til å utsetje gjennomføringa av rettslege avgjerder som vert anka. Dette inneber at det ikkje som i dag etter tvangsfullbyrdelsesloven § 2-12, jf. tvistemålsloven § 400, vil vere høve til å utsetje fullbyrdinga av ei avgjerd om mellombels sikring. Denne endringa var ikkje tilskutta frå departementet si side. Derfor går departementet inn for å endre § 32-2 slik at § 19-13 tredje og fjerde ledd også gjeld i saker om mellombels sikring.

3 Funksjonstida til leiaren for kommisjonen for gjenopptaking av straffesakar

3.1 Gjeldande rett

Reglane om samansetjing og oppnemning av Gjenopptakingskommisjonen finst i straffeprosessloven § 395 første og andre ledd. Kommisjonen er samansett av ein leiari, ein nestleiar og tre medlemmer. I tillegg er tre varamedlemmer oppnemnde. Leiaren vert oppnemnd for fem år, og kan etter lova ikkje gjenoppnemnast. Dei andre medlemmene er oppnemnde for tre år, og kan gjenoppnemnast ein gong. Myndet til oppnemninga ligg hos Kongen i statsråd, og oppnemninga skjer etter innstilling frå Justis- og politidepartementet.

Leiaren for kommisjonen er engasjert på fulltid, og er også leiari for kommisjonen sitt sekretariat. Dei andre medlemmene er engasjerte på deltid, og trer berre saman i dei regelmessige kommisjonsmøta.

Straffeprosessloven § 395 fekk sitt noverande innhald ved lov 15. juni 2001 nr. 63. I høyningsnotatet før lovvedtaket føreslo departementet at alle kommisjonsmedlemmene skulle tilsetjast i heiltidsstillingar på åremål med ei funksjonstid på sju år, utan høve til forlenging. I lovutkastet som vart fremja for Stortinget etter høyringa, Ot.prp nr. 70 (2000-2001), vart det føreslått at alle kommisjonsmedlemmene skulle engasjerast på deltid og oppnemnast for ein periode på tre år med høve til éi gjenoppnemning (sjå proposasjonen side 36 og utkastet til § 395). Under Justiskomiteen si handsaming av proposasjonen vart resultatet dagens regel, med fem års funksjonstid og heiltidsstilling for kommisjonsleiaren (Innst. O nr. 114 (2000-2001) side 14-15). Medan det i proposasjonen var lagt opp til at ingen av medlemmene skulle ha vervet i kommisjonen som hovudsysselsetjing, gav komiteen uttrykk for at det var viktig at det daglege arbeidet i kommisjonen skulle leiast av kommisjonsleiaren, og meinte at dette best kunne sikrast ved at kommisjonsleiaren vert engasjert på fulltid.

3.2 Forslaget i høyningsbrevet

I høyningsbrev 24. mai 2007 vart det gjort framlegg om å endre funksjonstida for leiaren av kommisjonen frå fem til sju år. Samtidig vart det føreslått ein overgangsregel som vil gjere funksjonstida på sju år gjeldande for den noverande kommisjonsleiaren. Grunngjevinga for framlegget som vart framsett i høyningsbrevet, er i hovudsak innteken i det følgjande:

«Forslaget har sin bakgrunn i at dagens regler om funksjonstid ikke tar tilstrekkelig hensyn til kontinuiteten i kommisjonens arbeid og kompetanse. Selv om det ved første gangs oppnevnelse ble tatt skritt for å sikre kontinuiteten ved at to av kommisjonens medlemmer ble oppnevnt for 2, og ikke 3 år, står vi foran en fullstendig utskifting av alle kommisjonsmedlemmene i perioden fra september 2008 til september 2009. Slik regelverket nå er utformet vil situasjoner lik den som kan oppstå i 2008/2009 regelmessig skape utfordringer for kontinuiteten i kommisjonens kompetanse.

At reglene ville medføre slike hyppige skifter var en del av de vurderingene som ble foretatt ved lovrens tilblivelse. De erfaringene som er gjort siden starten i 2004, tilsier imidlertid at hensynet til kontinuiteten nå må tillegges noe større vekt. Dette gjelder blant annet erfaringene med kommisjonens arbeidsform. Kommisjonen har selv et ansvar for å utrede sakene den får seg forelagt. Selv om det er sekretariatet som foretar den nødvendige etterforskning og utredning, ligger ansvar for å lede arbeidet hos kommisjonen selv. Særlig har kommisjonens leder, som også er sekretariatets leder og eneste fast ansatte kommisjonsmedlem, et tungt faglig og administrativt ansvar for å lede dette arbeidet. I enkelte saker kan utredningene være svært omfattende og strekke seg over perioder på flere år. Her kan vi som eksempel nevne Treholt-saken, som kommisjonen nå har startet å utrede. Den er, slik Torgersen-saken var det, beregnet til å strekke seg over flere år. I slike saker vil det være uheldig hvis kommisjonsleder må slutte midt under behandlingen, særlig fordi sekretariatsledefunksjonen innebærer et tungt faglig og administrativt arbeid i forberedelsesfasen. Med en noe lengre funksjonstid vil man kunne legge bedre til rette for behandling av store saker.

Videre har kommisjonens arbeid vist seg å bli mer omfattende enn forventet. I årene 2004(235), 2005(140) og 2006(173) kom det inn flere saker enn det som ble lagt til grunn i forarbeidene til ordningen. I Ot.prp. nr. 70 (2000-2001) pkt. 6.1 ble det, ut fra undersøkelse av antall begjæringer om gjenopptakelse for domstolene i perioden 1992 til 1999, antatt at kommisjonen ville komme til å motta «minst 100 begjæringer» det første året. Det reelle tallt viste seg altså å bli rundt dobbelt så mange. Den 31.12.2006 hadde det kommet inn totalt 543 begjæringer om gjenopptakelse siden kommisjonen ble opprettet, hvorav 335 var ferdigbehandlet. Kommisjonen hadde dermed en restanse på 208 saker ved årsskiftet 2006/2007.»

3.3 Høyringsinstansane sitt syn

Adressatar for høyringa var:

- Finansdepartementet
- Fornyings- og administrasjonsdepartementet
- Utanriksdepartementet
- Domstoladministrasjonen
- Universitetet i Oslo
- Högsterett
- Lagmannsrettane
- Oslo tingrett
- Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker
- Riksadvokaten
- Politidirektoratet
- Spesialeininga for politisaker
- Datatilsynet
- Stortingets ombodsmann for forvaltninga
- Den Norske Advokatforening
- Den norske Dommerforening
- Forsvarergruppen av 1977
- Norsk forening for kriminalreform (KROM)
- Politiembetsmennenes landsforening
- Politiets Fellesforbund
- Rettspolitisk forening
- Straffedes Organisasjon i Norge (SON)
- Norges juristforbund

Høyringsfristen var 12. juli 2007. Det har kome inn tre høyringsfråsegner med merknader til lovframlegget. *Riksadvokaten* og *Den norske Advokatforening* gir stønad til framlegget, medan *Fornyings- og administrasjonsdepartementet* har merknader til den føreslalte utvidinga av funksjonstida til den noverande kommisjonsleiaren. Dessutan har *professor dr. juris Ståle Eskeland* ved Universitetet i Oslo gitt ein personlig merknad med sterke innvendingar mot framlegget om at ei eventuell utvida funksjonstid vert gjort gjeldande for den noverande kommisjonsleiaren.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har kommentert at ei utviding av funksjonstida til den noverande kommisjonsleiaren vil stride mot fast praksis for åremåltilsetjingar i staten ved at lengda på åremålsperioden vert endra etter oppnemninga. Ei slik endring vil etter Fornyings- og administrasjonsdepartementet sitt syn også stå i et uheldig forhold til det ulovfesta kvalifikasjonsprinsippet som vert lagt til grunn ved tilsetjingar i det offentlege, ved at stillinga vert gitt ei anna lengd enn det som vart lagt til grunn ved kunngjeiring og utnemning.

3.4 Departementet sine vurderingar

Departementet har merkt seg at ingen av høyringsinstansane går imot framlegget om å endre regelen om funksjonstida for leiaren av kommisjonen. Dei innvendingane som har kome, gjeld spørsmålet om denne endringa skal få verknad for den noverande kommisjonsleiaren.

Justisdepartementet ser at framlegget om å forlengje åremålet til den noverande kommisjonsleiaren midt i perioden, vil kunne bryte med praksis ved åremål i staten, slik Fornyings- og administrasjonsdepartementet har påpeikt. Sjølv om det ikkje er høve til administrativ forlening av eit åremål, er det likevel klart at Stortingen ved ei lovendring vil kunne fastsetje ei avvikande ordning. Etter departementet sitt syn er det derfor ingen formelle skrankar mot å gjennomføre framlegget. Spørsmålet er om omsyna bak den praksisen som Fornyings- og administrasjonsdepartementet omtalar, tilseier at ein ikkje bør gjere endringar i den funksjonstida som var føresett ved oppnemninga av den noverande kommisjonsleiaren. Etter departementet sitt syn må det takast omsyn til at kommisjonen er eit nytt organ, slik at ein ikkje på førehand kunne ha fullt oversyn over omfanget og karakteren av arbeidet. Sett på bakgrunn av faren for at manglande kontinuitet i kommisjonen sin kompetanse kan få negative følgjer for arbeidet, held Justisdepartementet fast på framlegget om å gjere endringa i funksjonstid gjeldande for den noverande kommisjonsleiaren.

Sidan høyringsbrevet vart sendt ut, har to av kommisjonen sine medlemmer meldt sitt ønske om å gå av hausten 2007, slik at utskiftinga vil skje over ei noko lengre tid enn den perioden på eitt år som vart skissert i høyringsbrevet. Dette vil likevel ikkje i tilstrekkeleg grad avhjelpe faren for manglande kontinuitet i kommisjonen sin kompetanse, og dei eventuelle konsekvensane dette vil kunne få for kommisjonen sitt arbeid. I denne samanheng viser departementet til at det også i 2007 har kome inn vesentleg fleire saker til kommisjonen enn det som var føresett då ordninga vart til (85 saker per 30.06.07). På denne bakgrunn held departementet fast ved sitt framlegg.

4 Merknader til dei einskilde paragrafane

Til lovforslaget del I – endringar i tvisteloven

Til § 18-3 første ledd

Tilvisinga til domstolloven § 146 a er fjerna. Domstolloven har ingen § 146 a.

Til § 20-11 fjerde ledd andre punktum

Tilvisinga til tvangsfyllbyrdelsesloven § 3-6 første ledd er uriktig ettersom denne paragrafen vart § 3-4 første ledd ved endringslova 26. januar 2007 nr. 3. Det vert foreslått å rette dette opp, slik at det vert vist til tvangsfyllbyrdelsesloven § 3-4 første ledd.

Til § 22-11 første ledd

§ 22-11 første ledd tredje punktum vert foreslått fjerna fordi det er overflødig ved sidan av tredje ledd bokstav a.

Til § 32-2

Formuleringa «unntatt § 19-13» vert foreslått endra til «unntatt § 19-13 første og annet ledd». Endringa inneber at retten som i dag etter tvangsfyllbyrdelsesloven § 2-12, jf. tvistemålsloven § 400, vil kunne avgjere å utsetje gjennomføringa av avgjelder om mellombels sikring, jf. § 19-13 tredje og fjerde ledd.

Til § 32-12

Det vert foreslått å rette opp ei lovtildeling. Sjå merknaden til den tilsvarende endringa i tvisteloven § 20-11 fjerde ledd.

Til § 32-13 andre ledd

Det vert foreslått å rette opp ei lovtildeling. Sjå merknaden til den tilsvarende endringa i tvisteloven § 20-11 fjerde ledd.

Til § 37-3 nr. 5

Lov 26. januar 2007 nr. 3 gjorde endringar i domstolloven for å få han tilpassa tvisteloven, jf. tvisteloven § 37-3 nr. 5. Etter dette er domstolloven endra ved lov 15. juni 2007 nr. 38 om endringer i domstolloven mv. (valg og uttakning av lekdommere). Denne lova endrar og opphevar mellom

anna fleire av dei same paragrafane som lov 26. januar 2007 nr. 3. Nokre av føresegnene i tvisteloven § 37-3 nr. 5 må derfor bli oppheva.

Utover dette er nokre openberre skrivefeil retta opp, og det vert foreslått ei endring for å gje kjønnsnøytral nemning.

Til § 37-3 nr. 14

Det vert foreslått ei endring som følgje av den nye omgrepssbruken i ny tvistelov. «Tvistemål» vert foreslått erstatta av «sivile twister».

Til § 37-3 nr. 17

Det vert foreslått ei endring til kjønnsnøytral nemning.

Til § 37-3 nr. 18

Det vert foreslått ei endring til kjønnsnøytral nemning.

Til § 37-3 nr. 21, 22, 31, 35, 77, 111

Forslaga til endring gjeld endra nemning av ymse etatar som følgje av skifte av etatsnamn. I § 37-3 nr. 21, 22, 31 og 35 vert omgrepet «Rikstrygdeverket» erstatta med «Arbeids- og velferdsetaten». I nr. 77 vert omgrepet «fylkeststrygdekontoret» erstatta med omgrepet «Arbeids- og velferdsetaten», og i nr. 111 vert uttrykket «Trygdens organer» erstatta med «Arbeids- og velferdsetaten».

Til § 37-3 nr. 25

Tvisteloven § 37-3 nr. 25 endrar lov 3. desember 1951 nr. 2 om pensjonstrygd for skogsarbeidere, som er oppheva frå 1. januar 2006. Endringa vert derfor foreslått oppheva no.

Til § 37-3 nr. 28

Ein skrivefeil i attgjevinga av ein lovtittel vert foreslått retta.

Til § 37-3 nr. 48

I § 37-3 nr. 48 vart det gjort endringar i tolloven § 39 første, fjerde og sjette ledd. Tolloven § 39 vart endra ved lov 29. juni 2007 nr. 48. Lova vart satt i kraft 1. september 2007. Paragraf § 39 fikk da eit nytt første ledd og tidligare første til sjette ledd ble andre til sjuande ledd. Tilvisinga til tolloven §

39 frå tvisteloven § 37-3 nr. 48 vert her endra i samsvar med dette. I tillegg vert ein openberr skrivefeil i tolloven § 8 retta.

Til § 37-3 nr. 49

Ved ein inkurie er det vist til galt ledd i lov 16. desember 1966 nr. 9 om anke til Trygderetten i innleiinga til endringa i § 23. Det skal vere fjerde, ikkje femte, ledd det vert gjort endringar i.

Til § 37-3 nr. 50

Endringa inneber at det kjem fram at fjerde punktum er nytt.

Til § 37-3 nr. 70

Endringa inneber at det kjem fram at fjerde punktum er nytt.

Til § 37-3 nr. 78

Straffeprosessloven § 277 andre ledd vert endra ved lov 15. juni 2007 nr. 38. Endringa i denne føresgna i tvisteloven § 37-3 nr. 78 er derfor foreslått oppheva. I tillegg er nokre klåre skrivefeil foreslått retta.

Til § 37-3 nr. 82

Uttrykket «som er gjenstand for anke» i § 76 tredje ledd er overflødig, og vert derfor foreslått endra. Det vert også foreslått nokre språklege endringar i § 152 for å tilpasse paragrafen tvisteloven sine reglar om rettsmidlar.

Til § 37-3 nr. 94

Ved lov 1. desember 2006 nr. 65 vart sosialtjenes teloven kapittel 9 oppheva. Loven skal tre i kraft samtidig med tvisteloven 1. januar 2008. Endringane tvisteloven § 37-3 nr. 94 gjer i sosialtjenesteloven kapittel 9, må derfor bli oppheva.

Til § 37-3 nr. 97

Det vert foreslått å rette opp ymse uriktige lovtilvisingar og skrivefeil.

Til § 37-3 nr. 99

Ved lov 1. desember 2006 nr. 65 vart det gjort endringar i barnevernloven kapittel 7, mellom anna i

dei føresgnene tvisteloven § 37-3 nr. 99 gjer endringar i. Lov 1. desember 2006 nr. 65 skal tre i kraft samtidig med tvisteloven, 1. januar 2008. Tvisteloven § 37-3 nr. 99 må derfor bli oppheva.

Til § 37-3 nr. 110

Endringa ved lov 26. januar 2007 nr. 3 vert foreslått oppheva fordi ei seinare lovendring (jf. lov 30. juni 2006 nr. 52) har gjort ordlyden i tomtefes teloven § 43 andre ledd kjønnsnøytral.

Til § 37-3 nr. 119

Ein klår skrivefeil er foreslått retta.

Til § 37-3 nr. 127

Endringa vert foreslått fordi lov 3. mai 2002 nr. 13 om utenrikstjenesten § 20 andre ledd er oppheva.

Til § 37-3 nr. 148

I Ot.prp. nr. 1 (2007-2008) har Finansdepartementet gjort framlegg om eit nytt tredje punktum i ligningsloven § 11-1 nr. 4 og at nåværende tredje og fjerde punktum vert fjerde og femte punktum, jf. forslag til lov om endring i lov 17. juni 2005 nr. 67 (skatteinntektsloven) § 19-3 nr. 11 om endringer i ligningsloven § 11-1 nr. 4. Det er gjort framlegg om at lovendringa skal tre i kraft straks. Tvisteloven § 37-3 nr. 148 vert her tilpassa dette.

Til lovforslaget del II – endring i domstolloven

Til § 48 første ledd

Det vert foreslått ei endring for å gje kjønnsnøy tral nemning.

Til lovforslaget del III – endring i forbrukertvistloven

Til § 1 femte ledd

Feil lovtolkning er retta.

Til lovforslaget del IV – endringar i jordskifteloven

Til § 89 a sjuande og åttande ledd

Etter jordskifteloven § 89 a sjuande ledd gjeld lov 17. juni 1985 nr. 51 om utmarkskommisjon for

Nordland og Troms § 12 (*innkalling av partane*) ved jordskifteretten si gjennomføring av dommar av utmarkskommisjonen om grensemerking o.a. Lov om utmarkskommisjon er oppheva ved tvisteloven § 37–3 nr. 83. I høyringsbrev hausten 2007 vil departementet fremme forslag i forskrift om overgangsføresegner om at eventuelle saker om gjenopning av kommisjonen sine avgjelder skal verte handsama av Hålogaland lagmannsrett. Føresegna i lov om utmarkskommisjonen § 12 bør gjelde tilsvarende for jordskifteretten si gjennomføring av ei avgjerd i ei eventuell gjenopningssak. Føresegna er derfor teke inn i jordskifteloven § 89 a sjuande og nytt åttande ledd.

Til lovforslaget del V – endringar i straffeprosessloven

Til § 219

Feil lovtildeling vert foreslått retta opp.

Til § 395 andre ledd første punktum

Endringa inneber at lengda på åremålet til leiaren av gjenopptakingskommisjonen vert endra frå fem til sju år. Sjå elles under 3.

Til lovforslaget del VI – endring i rettsgebyrloven

Høvet vert nytt til å rette ein skrivefeil.

Til lovforslaget del VII – endring i tvangsfyllbyrdelsesloven

Til § 6-4

Omgrepet «i søksmåls former» vert endra i samsvar med ny nemning i tvisteloven, sjå tilsvarende tvangsfyllbyrdelsesloven § 6-6.

Til lovforslaget del VIII – endringar i eierseksjonsloven

Til §§ 26 og 27

Omgrepet «i søksmåls former» er endra, som i forslaget til endring i tvangsfyllbyrdelsesloven.

Til lovforslaget del IX – endringar i burettslagslova

Til §§ 5–9 andre ledd og 5–23 første ledd

Omgrepet «i søksmåls former» er endra, som i forslaget til endring i tvangsfyllbyrdelsesloven og eierseksjonsloven.

Til lovforslaget del X – endring i voldgiftsloven

Til § 6 tredje ledd

Feil lovtildeling er foreslått retta.

Til lovforslaget del XI – endring i lov 17. juni 2005 nr. 89 om endringar i tvangsfyllbyrdelsesloven

Endringa i tvangsfyllbyrdelsesloven § 7–20 ved lov 2005 nr. 89, som ikkje er satt i kraft på dette punktet, vart ikkje endra tilsvarende da § 7–20 vart endra ved lov 2005 nr. 130.

Til lovforslaget del XII – endring i lov om endringar i patentlova m.m.

Høvet vert nytt til å rette ein skrivefeil i lov 2007 nr. 80.

Til lovforslaget del XIII – ikrafttredelse

Lovforslaget del I, XI og XII vert satt i kraft straks. Del XI og XII vert satt i kraft straks fordi dei ikkje har samanheng med tvisteloven og det ikkje er andre grunnar til å utsette ikraftsetjinga. Endringane i tvisteloven i lovforslaget del I vert satt i kraft straks av omsyn til å få dei innarbeida i god tid før tvisteloven vert satt i kraft 1. januar 2008. Sjå under 3 i proposisjonen om grunngjevinga for tidspunktet for ikraftsetjing av endringa i straffeprosessloven § 395. Dei andre endringane i lovforslaget vert sett i kraft samtidig med tvisteloven, 1. januar 2008, fordi dei er konsekvensendringar av tvisteloven i lover som allereie er i kraft.

Justis- og politidepartementet

til rår :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i straffeprosessloven og tvisteloven m.m.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i straffeprosessloven og tvisteloven m.m. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringar i straffeprosessloven og tvisteloven m.m.

I

I lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister vert det gjort følgjande endringar:

§ 18–3 første ledd skal lyde:

(1) De virkninger som følger av annen lovgivning av at søksmål er reist, inntrer når prosesskrijet som reiser saken eller inndrar kravet, er sendt, slik at fristen er avbrutt etter domstolloven § 146. *For* krav som settes fram i rettsmøte, inntrer virkningen når kravet settes fram.

§ 20–11 fjerde ledd andre punktum skal lyde:

Tvangsfullbyrdelsesloven § 3–4 første ledd gjelder tilsvarende for hva som godtas som sikkerhet.

§ 22–11 første ledd skal lyde:

(1) Redaktøren av et trykt skrift kan nekte å gi tilgang til bevis om hvem som er forfatter til en artikkel eller melding i skriftet eller kilden for opplysninger i det. Det samme gjelder bevis om hvem som er kilden for andre opplysninger som er betrodd redaktøren til bruk i dennes *virksomhet*.

I § 32–2 skal uttrykket «unntatt § 19–13» lyde:
unntatt § 19–13 *første og annet ledd*.

§ 32–12 skal lyde:

Tvangsfullbyrdelsesloven § 3–4 gjelder tilsvarende i saker om midlertidig sikring.

§ 32–13 andre ledd skal lyde:

(2) Tvangsfullbyrdelsesloven § 3–5 *annet ledd* gjelder tilsvarende.

I § 37–3 nr. 5 vert det gjort følgjande endringar:

Domstolloven § 20 andre ledd andre punktum skal lyde:

For skjønn, ekspropriasjonssaker og saker etter tvisteloven § 4–5 første ledd kan domstoladmi-

nistrasjonen oppnevne et varamedlem som skal følge forhandlingene og tre inn i retten om *lederen* får forfall.

Endringane i domstolloven § 53, overskrifta i kapittel 4, §§ 71, 86 a, 87, 91, 95, 97, 98, 99, 101 og 105 vert oppheva.

Endringa i domstolloven § 119 første ledd skal lyde:

§ 119 første ledd skal lyde:

Har en part krevd at alle eller de fleste dommerne ved en domstol skal vike sete som ugilde til å delta i behandlingen av en sak, kan den nærmest overordnede domstol, eller Høyesteretts ankeutvalg dersom saken står for lagmannsretten, etter søknad fra domstolens formann beslutte at saken skal overføres til en annen domstol av samme orden. Den overordnede domstolens avgjørelse kan ikke angripes.

I § 37–3 nr. 14 vert det gjort følgjande endring:

Endringa i skifteloven § 22 første ledd skal lyde:
§ 22 første ledd skal lyde:

Bestemmelsene i tvisteloven første, annen, fjerde, femte og sjette del, med unntak for kapittel 5, 6 og 16 III, samt § 9–6 får, for så vidt de passer, og ikke annet er bestemt, tilsvarende anvendelse på tvister for tingretten under offentlig skiftebehandling, dog således at det med hensyn til bevis og bevisførsel gjelder samme regler som under hovedforhandling i *sivile tvister*. For adgangen til å opptre som prosessfullmektig gjelder tvisteloven § 3–3 første til fjerde ledd. Ved behandling av tvister ved *allmennprosess* og ved anke gjelder tvisteloven § 3–3 første til tredje ledd.

§ 37–3 nr. 17 skal lyde:

17. I lov 27. mai 1932 nr. 2 om veksler skal § 71 første ledd lyde:

Vekselforeldelsen avbrytes

ved at stevning er sendt til retten eller i tilfelle klage til forliksrådet, eller ved at vekselkravet under rettsak gjøres gjeldende til motregning, eller for øvrig innndras i saken (jf. tvisteloven § 15-1) eller

ved at vekselfordringen anmeldes i skyldnererens bo dersom dette behandles av offentlige myndigheter eller

ved at den mot hvem søksmål (motregningskrav) som foran omtalt er reist, gir en *leder* varsel om søksmålet (tvisteloven §15-9). Den som har mottatt sådan innvarsling, kan avbryte foreldelsen ved likeledes å gi sin formann prosessvarsel.

§ 37-3 nr. 18 skal lyde:

18. I lov 27. mai 1932 nr. 3 om chekker skal § 53 første ledd lyde:

Sjekkforeldelse avbrytes

ved at stevning er sendt til retten eller i tilfelle klage til forliksrådet, eller ved at sjekkrapporten under rettsak gjøres gjeldende til motregning, eller for øvrig innndras i saken (jf. tvisteloven § 15-1) eller

ved at chekkfordringen anmeldes i skyldnererens bo dersom dette behandles av offentlige myndigheter eller

ved at den mot hvem søksmål (motregningskrav) som foran omtalt er reist, gir en *leder* varsel om søksmålet (tvisteloven § 15-9). Den som har mottatt sådan innvarsling, kan avbryte foreldelsen ved likeledes å gi sin formann prosessvarsel.

§ 37-3 nr. 21 skal lyde:

21. I lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersoner skal § 30 nr. 2 lyde:

2. *Arbeids- og velferdsetaten* kan, når det finnes nødvendig for avgjørelsen av en sak etter denne lov la innhente forklaringer gjennom bevissikring etter reglene i tvisteloven § 28-3 tredje ledd og § 28-4 eller ved politiet. Krav om bevissikring fremmes for den tingrett hvor de som skal avhøres, bor eller oppholder seg eller realbevis skal undersøkes.

§ 37-3 nr. 22 skal lyde:

22. I lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner skal § 39 nr. 2 lyde:

2. *Arbeids- og velferdsetaten* kan, når det finnes nødvendig for avgjørelsen av en sak etter denne lov la innhente forklaringer gjennom bevissikring etter reglene i tvisteloven § 28-3 tredje ledd og § 28-4 eller ved politiet. Krav om bevissikring frem-

mes for den tingrett hvor de som skal avhøres, bor eller oppholder seg eller realbevis skal undersøkes.

§ 37-3 nr. 25 vert oppheva.

Innleiinga til § 37-3 nr. 28 skal lyde:

28. I lov 29. mai 1953 nr. 1 om rett for handverkarar o.a. til å selja ting som ikkje vert henta skal § 4 første punktum lyde:

§ 37-3 nr. 31 skal lyde:

31. I lov 26. november 1954 nr. 3 om stønad ved krigsskade på person skal § 37 nr. 2 lyde:

2. Finnen *Arbeids- og velferdsetaten* det påkrevd, kan bevis opptas i samsvar med tvisteloven.

§ 37-3 nr. 35 skal lyde:

35. I lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskade-trygd skal § 45 lyde:

Arbeids- og velferdsetaten kan, dersom det finnes det nødvendig for avgjørelsen av en sak etter denne lov, innhente forklaring gjennom bevissikring etter reglene i tvisteloven § 28-3 tredje ledd og § 28-4. Krav om bevissikring fremmes for den tingrett hvor de som skal avhøres, bor eller oppholder seg eller realbevis skal undersøkes.

I § 37-3 nr. 48 vert det gjort følgjande endringar:

Lov om toll § 8 nr. 3 bokstav b skal lyde:

b. som vitneprov eller ved dokumenttilgang under rettergang.

Endringane i lov om toll § 39 første, fjerde og sjette ledd skal vere i andre, femte og sjuande ledd.

I § 37-3 nr. 49 skal endringa i lov om anke til Trygderetten § 23 femte ledd andre punktum vere i § 23 fjerde ledd andre punktum.

I § 37-3 nr. 50 skal innleiinga til endringa i forvalningsloven § 27 tredje ledd tredje og fjerde punktum lyde:

§ 27 tredje ledd tredje og *nytt* fjerde punktum skal lyde:

I § 37-3 nr. 70 skal innleiinga til endringa i foreldelsesloven § 15 nr. 3 første og andre punktum lyde: § 15 nr. 3 første og *nytt* annet punktum skal lyde:

I § 37–3 nr. 77 skal endringa i barneloven § 29b andre ledd lyde:

For å vareta offentlege interesser har *Arbeids- og velferdsetaten* rett til å møte i ei slektskapssak og til å anke eller krevje gjenopning av saka. Retten skal gje melding til *Arbeids- og velferdsetaten* om saka og om nokon av partane ikkje møter.

I § 37–3 nr. 78 vert det gjort følgjande endringar:

Endringa i straffeprosessloven § 230 tredje ledd fjerde punktum skal vere i § 230 tredje ledd *tredje* punktum.

Endringa i § 277 andre ledd vert oppheva.

Endringa i straffeprosessloven § 281 første ledd nr. 2 skal lyde:

§ 281 første ledd nr. 2 skal lyde:

2) er uteblitt uten at det er opplyst eller sannsynliggjort at han har gyldig fravær eller

Endringa i straffeprosessloven § 288 andre ledd nr. 2 siste punktum skal lyde:

§ 288 annet ledd nr. 2 siste punktum skal lyde:

Kjennelsen trenger ikke grunner og kan ikke ankes.

I § 37–3 nr. 82 vert det gjort følgjande endringar:

§ 76 tredje ledd skal lyde:

Dersom krav etter første og annet ledd bringes inn for retten, treffer den sin avgjørelse ved *dom*.

§ 152 skal lyde:

Kjennelser som avgjør tvist om utlevering eller dekning av midler som er under tingrettens behandling, og *dommer* som nevnt i §76 tredje ledd, er gjenstand for anke etter reglene om *anke over kjennelser*. Etter at partene har fått anledning til å uttale seg, kan retten bestemme at anke over kjennelse i tvist om anmeldte fordringer skal behandles etter reglene om *anke over kjennelser*.

Overfor kjennelser som åpner konkurs, kan *gjenåpning* kreves etter reglene for dommer i *tvisteloven kapittel 31*.

§ 37–3 nr 94 vert det gjort følgjande endringar:

Endringane i sosialtjenesteloven §§ 9-8, 9-9, 9-10 og 9-10 a vert oppheva.

I § 37–3 nr. 97 vert det gjort følgjande endringar:

Endringa «I følgende bestemmelser fjernes uttrykket «eller midlertidig sikring»:» skal lyde:

§§ 1-3 første ledd, 1-6 tredje ledd, 2-1 annet ledd, 2-2 tredje ledd, *2-3 første ledd, 2-5 tredje ledd, 3-7 i nåværende tredje ledd og nåværende § 16-2 første ledd*.

Endringa «I følgende bestemmelser fjernes uttrykket «og midlertidig sikring»:» skal lyde:

§§ 1-5 første til tredje ledd, 1-6 første ledd første og annet punktum, 1-7 første og annet punktum, 2-8 første ledd, *3-6 første ledd og nåværende 16-2 første ledd*.

I endringa av § 1-9 bokstav b til d vert bokstavnummereringa b), c) og d) endra til (b), (c) og (d).

I § 4-1 nytt tredje og fjerde ledd vert leddnummereringa (3) og (4) teke bort.

§ 37-3 nr. 99 vert oppheva.

§ 37–3 nr. 110 vert det gjort følgjande endring:

Endringa i tomtefesteloven § 43 annet ledd annet punktum vert oppheva.

I § 37–3 nr. 111 vert uttrykket «Trygdens organer» i lov om folketrygd § 21-4 femte ledd erstatta med «*Arbeids- og velferdsetaten*».

I § 37-3 nr. 119 vert det gjort følgjande endring:

Innleiinga til endringa i § 12-5 første ledd annet og tredje punktum skal lyde:

§ 12-5 *første ledd* annet og tredje punktum skal lyde:

§ 37-3 nr. 127 vert oppheva.

I § 37–3 nr. 148 skal endringa i skatteinbetalingsloven 19-3 nr. 11 lyde:

I §19-3 nr. 11 skal endringen av lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven) §11-1 nr. 4 *fjerde* punktum lyde:

Det kan gis oppfriskning for oversittelse av fristen etter reglene i tvisteloven §§ 16-12 til 16-14.

II

Lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene § 48 første ledd første punktum skal lyde:

Beslutter en ret etter § 47 at anmode en utenlandsk myndighet om bevisoptagelse, utfærdiges anmodningen av retten selv, men hvis den har flere medlemmer, av rettens *leder*.

III

Lov 28. april 1978 nr. 18 om behandling av forbrukertvister § 1 femte ledd skal lyde:

Twisteloven § 1-3 får tilsvarende anvendelse.

IV

Lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven) § 89 a sjuande og nytt åttande ledd skal lyde:

Til alle saker som blir handsama etter paragrafen her, skal rettshavarar med eigedoms- eller bruksrett som saka kan tenkjast å få verknad for, bli stemna og innkalla av retten på den måten som er fastsett i lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenninger §§ 1-7 og 1-8.

Kjende rettshavarar med eigedoms- eller bruksrett som saka kan tenkjast å få verknad for, skal bli stemna og innkalla av retten også på den måten som er fastsett om forkynningar for dei alminnelege domstolane i domstolloven kapittel 9.

V

Lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker vert det gjort følgjande endringar:

§ 219 første ledd skal lyde:

Ved iverksetting av heftelse *gjelder twisteloven §§ 33-5 til 33-8* og denne lovs § 213 første ledd annet punktum tilsvarende.

§ 395 andre ledd første punktum skal lyde:

Kommisjonens leder utnevnes av Kongen i statsråd for en periode på 7 år uten adgang til gjenutnevning.

VI

I lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr skal § 4 første ledd lyde:

Gebyrplikten for tvistemål, skjønn, tvangsfyllbyrdelse og midlertidig sikring inntrer når saken

er ført inn i sakslisten og for overprøving ved høyere instans innføring i dennes saksliste.

VII

Lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfyllbyrdelse § 6-4 første ledd andre punktum skal lyde:

Første punktum gjelder ikke avgjørelser truffet under behandling *ved allmennprosess*.

VIII

I lov 23. mai 1997 nr. 31 om eierseksjoner vert det gjort følgjande endringar:

§ 26 annet ledd tredje punktum skal lyde:

Dersom det innen fristen etter tvangsfyllbyrdelsesloven § 11-7 første ledd reises innvendinger mot tvangssalget som ikke er klart grunnløse, skal begjæringen om tvangssalg ikke tas til følge uten behandling *ved allmennprosess*.

§ 27 første ledd fjerde punktum skal lyde:

Dersom det innen fristen etter tvangsfyllbyrdelsesloven § 13-6 reises innvendinger mot fravikelsen som ikke er klart grunnløse, skal begjæringen om fravikelse ikke tas til følge uten behandling *ved allmennprosess*.

IX

I lov 6. juni 2003 nr. 39 om burettslag vert det gjort følgjande endringar:

§ 5-9 andre ledd skal lyde:

(2) Oppfører brukaren seg slik at det er fare for øydelegging eller vesentleg forringing av eigedommen, eller slik at det er til alvorleg plage eller sjenanse for andre brukarar i eigedommen, kan laget krevje fråviking frå bustaden etter tvangsfyllbyrdelsesloven kapittel 13. Kravsmål om fråviking skal setjast fram for tingretten. Dersom det innan fristen etter tvangsfyllbyrdelsesloven § 13-6 blir reist innvendingar mot fråvikinga som ikkje er klart grunnlause, skal kravsmålet om fråviking ikkje takast til følgje utan behandling *ved allmennprosess*.

§ 5-23 første ledd skal lyde:

(1) Oppfører andelseigaren seg slik at det er fare for øydelegging eller vesentleg forringing av eigedommen, eller slik at det er til alvorleg plage eller sjenanse for andre brukarar i eigedommen, kan laget krevje fråviking frå bustaden etter

tvangsfyllbyrdelsesloven kapittel 13. Kravsmål om fråviking kan setjast fram tidlegast samtidig med at det blir gitt pålegg etter § 5-22 om sal. Kravsmålet skal setjast fram for tingretten. Der som det innan fristen etter tvangsfyllbyrdelsesloven § 13-6 blir reist innvendingar mot fråvikinga som ikkje er klart grunnlause, skal kravsmålet om fråviking ikkje takast til følgje utan behandling *ved allmennprosess*.

X

I lov 14. mai 2004 nr. 25 om voldgift skal § 6 tredje ledd femte punktum lyde:

Søksmål om å sette til side en voldgiftsdom etter kapittel 9 behandles etter de alminnelige reglene i *tvisteloven*.

XI

I lov 17. juni 2005 nr. 89 om endringar i lov. 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfyllbyrdelse og midlertidig sikring og andre lover skal i del III § 7-20 sjuande ledd første punktum i endringa av lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfyllbyrdelse og midlertidig sikring lyde:

Ved utlegg i adkomstdokumenter til leierett eller borett til husrom underretter namsmannen

vedkommende uteleier eller selskap, jf. patentloven § 5-8.

XII

I lov 29. juni 2007 nr. 80 om endringar i lov 15. desember 1967 nr. 9 om patenter m.m. (gjennomføring av Den europeiske patentkonvensjonen) skal i del I ny § 52 d første ledd første punktum i lov 15. desember 1967 nr. 9 om patenter lyde:

Begjæring om administrativ overprøving kan bare *begrunnes* med at patentet er meddelt i strid med vilkårene i §§ 1 til 2, men likevel ikke med at patentet er meddelt til en annen enn den som er berettiget til oppfinnelsen, jf. § 1 første ledd.

XIII

Del I, XI og XII trer i kraft straks. Ellers trer lova her i kraft 1. januar 2008.

Endringa i straffeprosessloven § 395 andre ledd første punktum i del V vert også gitt verknad for funksjonstida til den som er leiar av kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker når lova her trer i kraft.

